

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-600, TI-&40
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 26.08.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
036/20	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	31.08.2020
076/20	Alver formannskap	03.09.2020
	Alver kommunestyre	
051/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	01.09.2020
033/20	Eldreråd	31.08.2020

Kommunehuset Manger - Forprosjekt kulturhus

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret avklarer vidare planlegging og utvikling av Manger kommunehus til kulturhus med bibliotek i samband med økonomiplanarbeidet.

Eldreråd 31.08.2020:

Handsaming:

Fagansvarleg prosjekt, Stian Marøy, orienterte og svara på spørsmål.

Eldrerådet sluttar seg samrøystes til rådmannen sitt framlegg og har ingen merknader i saka.

ER- 033/20 uttale:

Eldrerådet har ingen merknader i saka.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 31.08.2020:

Handsaming:

Orientering til saka v/Eirik B. Utne-kultursjef

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

RMNF- 036/20 uttale:

Kommunestyret avklarer vidare planlegging og utvikling av Manger kommunehus til kulturhus med bibliotek i samband med økonomiplanarbeidet.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 01.09.2020:

Handsaming:

Orientering til saka v/Stian Marøy-fagansvarleg Prosjekt

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 051/20 uttale:

Kommunestyret avklarer vidare planlegging og utvikling av Manger kommunehus til kulturhus med bibliotek i samband med økonomiplanarbeidet.

Alver formannskap 03.09.2020:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 076/20 innstilling:

Kommunestyret avklarar vidare planlegging og utvikling av Manger kommunehus til kulturhus med bibliotek i samband med økonomiplanarbeidet.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Eldreråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal til innstilling Formannskapet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

Etter at kommunane Radøy, Lindås og Meland vedtok å slå seg saman, vart det bestemt at det skulle sjåast på moglegheita for å nytta kommunehuset på Manger til anna føremål. Med det vart det gjort ein moglegheitsstudie som opna for å skapa eit kulturbygg. Etter gjennomgang av moglegheitsstudia vart det vidare gjennomført eit forprosjekt der ein fekk framlagt korleis kommunehuset kunne endra bruk til kulturhus.

Saksopplysninger:

Forprosjektet for kulturhus på Manger er laga av 3RW arkitekter i samarbeid med rådgjevarar frå Sweco. Dei har sett på endra bruk til blant anna bibliotek, øvingslokale for korps/band og kontorområde til kommunalt bruk. Endra bruk av kommunehuset krev ei bruksendring for eigedomen. Dette medfører at det vert stilt krav etter siste gjeldande tekniske forskrift. Det vert difor blant anna behov for utskifting av det elektriske anlegget og bygget må sprinklast. For å få tilstrekkeleg areal til korpsøvingar er det i forprosjektet tenkt eit tilbygg som innehar øvingsal på 150 m², instrumentlager, garderobar, toalett osv.

Det er gjort ein kostnads kalkyle for arbeida, både med og utan tilbygget. Ombygginga i eksisterande bygg er kalkulert til 16 795 000 nok eks mva. Då er risikoavsetting ikkje inkludert, heller ikkje kostnadar med utomhus VA, anleggsbidrag BKK, storkjøkken og laust møblement.

Tilbygget har ein estimert kostnad på 11 880 600 nok eks mva + risikoavsetting.

Utan tilbygget vil det også verta behov for å prosjektera om eksisterande bygg. Sjølv om det i prosjektet har vore fokus på at eksisterande bygg med ombygging skal kunna fungera utan tilbygget, er det vanskeleg å få dette 100 % utan å ha fleire sett med teikningar og alternativ.

Samla kostnadar kjem på ca. 36 millionar + uforutsette kostnadar og tidlegare nemnte punkt. Gjennomført prosjekt er ikkje eit ferdig prosjert bygg, men eit forprosjekt. Det betyr at løysingane må detaljprosjekterast, men for å realisera bygget i tråd med forprosjektet vil det krevja ei budsjettamma i størrelsesorden rundt 40 millionar.

Vedlegg i saken:

25.08.2020	Manger kulturhus - Funksjonsbeskrivelse kulturteknisk entreprise. Forprosjekt 15.05.20 -RIE	1435174
25.08.2020	Manger kulturhus - Funksjonsbeskrivelse Forprosjekt 15.05.2020	1435175
25.08.2020	A22-103 Plan 2. Etasje	1435177
25.08.2020	A21-002 Utomhusplan	1435178
25.08.2020	A22-101 Plan Kjeller	1435179
25.08.2020	A22-102 Plan 1. Etasje	1435180
25.08.2020	Eksisterande bygg	1435182

